

## Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert oversendt til høyring hos Vestland ungdomsutval før vidare handsaming i KULII.»

### **Avrøysting til utsetjing**

Andersen sitt forslag fekk 6 røyster (FNB, Sp, MDG, R) og fall.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag fekk 12 røyster (A, SV, Sp, V, MDG, H, Frp, Pp) og vart vedtatt mot 3 røyster (FNB, R).

### **Vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjene for tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar.
2. Fylkesdirektøren får i oppgåve å kontakte dei aktuelle organisasjonane. Det skal informerast om dette vedtaket, om gjeldande retningslinjer og framgangsmåte for å søkje om stønad
3. Frå og med 2021 skal søknadsfrist for denne tilskotsordninga vere 31. mars
4. I 2020 skal fylkesdirektøren tilskrive aktuelle organisasjonar så snart som råd. Organisasjonane har høve til å sende inn ein kortfatta søknad med naudsynte vedlegg frå dei mottek brev og fram til og med 1. oktober. Straks søknaden er godkjent skal fylkesdirektøren betale ut aktuell stønad
5. Fylkesdirektøren får årleg til oppgåve å fordele tilgjengelege midlar ved administrativt vedtak i samsvar med vedtekne retningslinjer.